

STRANDA SMÅBÅTLAG

Hamnereglement for Stranda småbåtlag Datert 26.03.2023

- § 1. Hamna har eigen hamnekomite på 2 medlemmar, som vert vald av årsmøtet. Hamnekomiteen vel sjølv leiar. Hamnekomite har ansvar for at hamna er i forsvarleg stand, ser til at lovane og reglane til småbåtlaget vert overhalde og fører oversyn over båteigarar som har plass i hamna, og melder endringar til kasseraren i laget.
- § 2. Hamnekomiteen har ansvaret for å plassere båtane i hamna slik det er mest føremålstenleg. Den kan omplassere båtar når til dømes storleiken på ein båt tilseier anna plassering. Båteigarar som ønskjer opplagsplass på eigedommen til småbåtlaget, skal kontakte hamnekomiteen eller styre og eventuelt få tilvist plass. Båteigar er ansvarleg for at båten er skikkeleg fortøydd, og sikra mot uvær. Båteigar er ansvarleg for å rydde eigen båt for snø, samt å lense, og med det førebyggje havari. Båteigar er økonomisk ansvarleg dersom båten påfører hamneanlegget skade. Båteigarane pliktar og varsle hamnekomiteen ved skade, eller om dei oppdagar noko uregelmessig i hamna. Alle båtar skal vere ansvarsforsikra.
- § 3. Hamnekomite har ansvar for å kalle inn medlemmane til arbeid i hamna når det er arbeid og vedlikehald som skal utførast. Årsmøtet set fast timesatsar for utført arbeid. Medlemmar som utfører arbeid får dette godtgjort ved utgangen av året.
- § 4. Båtplassen i hamna skal nyttast av medlemmet som har fått tildelt plassen. Medlem i småbåtlaget som ikkje har eigen båt, har ikkje anledning til å leige ut plassen. Hamnekomite og Styre tek då seg av å leige ut den ledige plassen til ein pris fastsatt av årsmøte. Medlem utan båt i havna er fritatt årskontigent.

STRANDA SMÅBÅTLAG

- § 5. Kvar enkelt medlem pliktar å rydda opp etter seg i hamneområdet slik at hamna til ei kvar tid er rein og ryddig. Tilgrising av havneområdet og brygger med sløying av fisk, dumping av avfall, utslepp av olje, bensin og liknande er strengt forbode. Privat utstyr som for eksempel teiner og anna fiskeutstyr skal ikkje lagrast på brygger eller andre stadar i hamna.
- § 6 Båteigarane skal utøve aktsemd ved manøvrering i hamneområdet. Småbåtlaget eller hamnekomiteen har ikkje noko ansvar for utstyr som er plassert i hamna. Ferdsel i hamna, opp- og utsetting, transport og opplag av båtar i hamneområdet skjer på eige ansvar.
- § 7. Tvistar mellom båteigarar kan skriftleg verte lagt fram for hamnekomiteen som tek avgjer i saka. Partane i ei tvistesak kan klage avgjera til hamnekomiteen inn for styret.